



Høgskulen
på Vestlandet

BACHELOROPPGÅVE

Teikn-til-tale for alle dei yngste i barnehagen

Sign-supported speech for all the youngest in kindergarten

Sina Persdotter Tveite (629)

Bacheloroppgåve i barnehagelærerutdanninga
BACH301

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett
Høgskulen på vestlandet, avdeling Sogndal

Rettleiar: Inger Birgitte Torbjørnsen

Innleveringsdato: 25.05.2022

Antall ord: 9706

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle

kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

Forord

Denne bacheloroppgåva er skriven som ein avslutning på det treårige studieløpet Barnehagelærerutdanning på Høgskulen på vestlandet, campus Sogndal.

Dette bachelorprosjektet har gjeve meg moglegheita til å gå djupt inn i eit tema som eg har stor interesse for. Prosessen har vore både lærerik og utfordrande, men eg sitt igjen med mykje ny kunnskap innanfor dette temaet som eg gleda meg til å ta med ut i arbeidslivet.

Eg ynskjer å takke dei som har tatt seg tid svare på undersøkinga mi. Eg vil også takke rettleiaren min Inger Birgitte Torbjørnsen for å ha inspirert meg til å velje teikn-til-tale som tema for bachelor, og god vegleiing og inspirasjon til litteratur gjennom skriveprosessen. Eg må også takke Marita og Elise som har tatt seg tid til å hjelpe meg med korrekturlesing. Takk til Elisabeth for ein fin samtale med gode refleksjonar. Til slutt må eg takke familie og venner som har hjulpet meg med å holde motivasjonen oppe i denne til tider litt einsame skriveprosessen.

Abstract

This bachelor's thesis will examine sign-supported speech in kindergartens, where the younger children are in focus. The questions that will be answered are "In what situations do kindergartens in Sogn og Fjordane use sign-supported speech?" and "What benefits do sign-supported speech bring to these kindergartens?". The theoretical data used in this thesis have great relevance, because they address language-development of children, sign-supported speech as a theory and previous research done on sign-supported speech.

By using quantitative-methods, I've done a survey in kindergartens throughout Sogn og Fjordane where I've collected data that will help answer the questions in the paragraph above. The survey showed that almost half of the kindergartens in Sogn og Fjordane did use sign-supported speech on a regular basis. The survey also showed that several kindergartens used sign-supported language during meals and circle time. There were different viewpoints on the value of sign-supported speech, but it seems that it helps the children express their needs, interesses and feelings, as well as strengthens the communication between the children and the adults.

Innholdsliste

Figurliste
1.0 Innleiing.....	1
1.1 Bakgrunn for val av tema.....	1
1.2 Problemstilling	2
1.3 Avgrensing av oppgåva	2
1.4 Omgrepsavklaring	2
1.4.1 Teikn-til-tale	2
1.4.2 Språkutvikling.....	2
1.4.3 Alle barn	3
1.4.4 Dei yngste barna	3
1.4.5 Samlingsstund	3
2.0 Presentasjon av teori og tidlegare forskning.....	3
2.1 Språkutvikling og sosialt samspel i barnehagen	3
2.2 Teikn-til-tale	5
2.2.1 Teikn-til-tale i barnehagen.....	6
2.2.2 Teikn-til-tale som støtte til barns språkutvikling	6
2.2.3 Uttrykk for følelsar.....	7
2.2.4 Lov om barnehager	8
2.2.5 Rammeplanen for barnehagen	9
3.0 Metode.....	9
3.1 Metodeval.....	10
3.2 Spørjeundersøking som metode.....	11
3.3 Utval av spørsmål.....	12
3.4 Kritikk mot val av metode	12
3.5 Reliabilitet, validitet og etiske omsyn	13
3.5.1 Reliabilitet	13
3.5.2 Validitet.....	14
3.5.3 Etsiske omsyn	14
3.6 Framgangsmåte kring val av litteratur.....	14
3.7 Kildekritikk.....	15
4.0 Presentasjon av funn og drøfting	15
4.1 Teikn-til-tale med dei yngste barna i barnehagen	16
4.2 Teikn-til-tale som støtte for å fremje barns språkutvikling	18
4.3 Korleis teikn-til-tale kan påverke det sosiale samspelet i barnehagen	19

4.4 Teikn-til-tale som støtte i ulike situasjonar.....	20
4.4.1 Samlingsstund som arena for bruk av teikn-til-tale.....	21
4.4.2 Måltidssituasjonar som arena for bruk av teikn til tale.....	21
4.5 Moglege hinder for å starte opp med teikn-til-tale.....	22
5.0 Avsluttning og oppsummering	24
6.0 Litteraturliste	26
Vedlegg	28
Vedlegg 1: Informasjonsskriv.....	28
Vedlegg 2: Spørjeskjema.....	29

Figurliste

- Figur 1 - Viser resultatata frå spørsmålet “Brukar de teikn-til-tale i barnehagen?” 17
- Figur 2 - Viser resultatet på spørsmålet “Brukar de teikn i særskilte situasjonar i løpet av dagen?” .. 20

1.0 Innleiing

Denne oppgåva vil ta føre seg temaet bruk av teikn-til-tale for alle dei yngste barna i barnehagen. Fyrst vil eg grunngje mitt val av tema for denne oppgåva. Vidare vil eg presentera problemstillinga og gje ei omgrepsavklaring. Eg vil også i denne delen gå inn på korleis eg har avgrensa oppgåva. Vidare vil eg presentera teori som eg meiner er relevant og gå inn på kva tidlegare forskning som er gjort i dette feltet. Deretter vil eg forklare kva val eg har gjort med omsyn til metode og korleis eg har gått fram for å samle inn data. Vidare vil eg gå inn på kritikk av val av metode og kva eg kunne gjort på ein annleis måte dersom eg skulle gjennomført denne datainnsamlinga på nytt. Eg vil deretter presentere funna eg har gjort og drøfte dei opp mot teori og tidlegare forskning. Eg vil avslutte oppgåva med å trekkje fram hovudfunna eg har gjort og sei noko om korleis ein kan gjera vidare forskning ut frå denne oppgåva.

1.1 Bakgrunn for val av tema

Gjennom barnehagelærerutdanninga, har eg fått eit innblikk i barns språkutvikling både teoretisk, og i praksis. Det er eit tema eg tykkjer er veldig spennande. Mitt fyrste møte med teikn-til-tale var gjennom faget leik og læring for alle, LEK301. I dette faget hadde me praktiske øvingar og undervisning som omhandla teikn-til-tale generelt, og korleis det kunne brukast i barnehagen. Dette vekka ei interesse for teikn-til-tale som eg tok med meg ut i praksis. Der starta eg opp eit utviklingsarbeid på ei småbarnsavdeling som omhandla at heile personalgruppa fekk informasjon og introduksjon i teikn, og at alle skulle bruke teikn til alle barn i måltidssituasjonar. Undervegs i utviklingsarbeidet, kom det fram at fleire av dei som jobba på avdelinga hadde mykje erfaring med teikn-til-tale frå tidlegare, men det var ingen av dei som hadde tatt dette med seg inn på småbarnsavdelinga. Til trass for at prosjektet berre gjekk over ei veka tid, vart teikn-til-tale godt integrert i måltidssituasjonar. Både personalet og borna brukte teikn for å setje ord på ulike pålegg og frukter etter denne veka. Måltidssituasjonane blei meir harmoniske ved at barna kunne uttrykke seg, og bli forstått ved bruk av teikn og lydnivået senka seg. På bakgrunn av denne erfaringa frå praksis hadde eg lyst å lære endå meir om bruk av teikn-til-tale, og korleis det kan brukast i barnehagen. Dette er kunnskap eg har eit ynskje om å ta med meg ut i arbeidslivet, og som eg håpar andre kan sjå verdien av.

Før eg starta arbeidet med bachelor og utarbeiding av å undersøke dette temaet hadde eg gjort meg nokre tankar om kva svar eg kom til å få inn på undersøkinga. Eg tenkte at det kom til å vere “midt på treet” bruk av teiknbruk i barnehagen. Eg tenkte også at det kom til å vere ein del barnehagar som brukte det i samband med spesialpedagogiske opplegg for enkeltbarn, men at det kanskje ikkje var mange som brukte det for heile barnegrupper.

1.2 Problemstilling

Mi problemstilling er

“I kva situasjon brukar barnehagar i Sogn og Fjordane teikn-til-tale til alle dei yngste barna? Og kva verdi ser dei i å bruke teikn-til-tale?”

1.3 Avgrensing av oppgåva

Problemstillinga i denne oppgåva er todelt. Den fyrste delen av problemstillinga tek føre seg kva situasjonar barnehagar brukar teikn-til-tale i løpet av dagen, med dei yngste barna i fokus. Den andre delen omhandlar kva verdi barnehagane ser ved å bruke teikn-til-tale. Eg har også avgrensa det geografiske området for denne oppgåva ved at undersøkinga går føre seg i det som tidlegare var Sogn og Fjordane fylke.

1.4 Omgrepsavklaring

Eg vil byrje med å definere nokre av omgrepa eg vil nytte i løpet av oppgåva. Desse omgrepa er relevante i temaet om bruk av teikn-til-tale for dei yngste og kva verdi bruk av teikn-til-tale kan ha. Etter å ha tatt eit djupdykk i ulik litteratur som omhandla dette temaet, har eg valt å ta med desse omgrepa og definere dei her.

1.4.1 Teikn-til-tale

Nina Braadland (2005, s. 21) definerer teikn-til-tale som “en meget forenklet form for tegnkommunikasjon, med bruk av ett, kanskje to tegn i hver setning”.

1.4.2 Språkutvikling

Med språkutvikling meina eg utvikling av språket som skjer gjennom samspel mellom menneskjer og som ein grunnleggjande ferdigheit (Høigård, 2019, s. 16).

1.4.3 Alle barn

Med alle barn meina eg i denne oppgåva alle barn uansett funksjonsevne eller forutsetningar.

1.4.4 Dei yngste barna

Eg har valt å definere dei yngste barna i denne oppgåva som barn mellom 1-3 år fordi det er denne aldersgruppa eg ynskjer å ha fokus på.

1.4.5 Samlingsstund

Eg har valt å definere samlingsstund som “der barn og vaksne samlast kring noko felles som i stor grad er styrt av den vaksne”.

2.0 Presentasjon av teori og tidlegare forskning

I denne delen av oppgåva vil eg presentere ulike teori som eg meiner er relevant for temaet for denne oppgåva. Eg vil byrje med Rammeplanen for barnehage og deretter gå inn på barns språkutvikling og det sosiale samspelet i barnehagen. Deretter vil eg ta føre meg teikn-til-tale og trekkje inn ulike forskning på dette feltet. Eg vil også i denne delen ta føre meg kva Lov om barnehage seier kring dette temaet. Denne teorien vil eg bruke vidare i oppgåva for å drøfte funna eg har gjort, ved hjelp av datainnsamling opp mot teorien.

2.1 Språkutvikling og sosialt samspel i barnehagen

Små barn byrjar i dag tidlegare i barnehagen enn før, og småbarna er ei sentral gruppe i barnehagen (Fodstad & Jæger, s. 120). Dette fører til at barna si språkutvikling skjer meir i barnehagen no enn det gjort tidlegare. Det er difor viktig at barnehagen har kjennskap til den språkutviklinga som barna går gjennom dei fyrste leveåra. Det er også viktig at barnehagen har kunnskap om korleis barna lærer språk og korleis ein som tilsett i barnehage kan hjelpe barna i den store utviklinga (Høigård, 2019, s. 167).

Eit verktøy som alle brukar for å uttrykkje følelsar og tankar for å beskrive verden, er språket. Korleis me brukar språket og uttrykkjer oss er forskjellig frå person til person, og er avhengig av kvar ein oppheld seg. Alder har ei stor tyding for korleis me uttrykkjer oss og korleis me oppfattar andre sitt språk (Braadland, 2005, s. 17). Høigård trekkjer fram at barns tidlege

sosiale samspel med omsorgspersonar, er heilt sentral for at barna skal få erfaring og lære om korleis ein samtalar med andre, og korleis språket vårt blir brukt (Høigård, 2019, s. 21).

Frå fødsel kommuniserer barn med dei rundt seg ved å bruke mellom anna mimikk, lyd og bevegelse. Det er desse utvekslingane som dannar grunnlaget for barnas språkutvikling. Når språket til barna skal stimulerast i dei tidlege leveåra, er det viktig at dei har sensitive vaksne rundt seg som kan bruke sitt språk i samspelet til barna (Høigård, 2019, s. 19). Ved å fange barnas følelsar, handlingar, merksemd og uttrykk kan dei skape gode samspel som kan resultere i at barna får gode språkerfaringar. Når barna har sensitive vaksne som kan vise engasjement rundt deira interesser og brukar språket til å støtte opp barna kring dette, vil barna få utvide sitt ordforråd og vil etter kvart kunne setje ord på ting, følelsar, opplevingar og liknande (Drugli, 2017, s. 72).

Språkutvikling byggjer i hovudsak på to ferdigheiter. Forståing av språket sitt innhald og forståing av språket si form. Alle ord betyr ulike ting og har ulik meining utover ordet i seg sjølv, dette treng barn å lære. Ordet “bil” betyr køyretøyet bil eller leiketøyet, ikkje berre mamma eller pappa sin bil, men alle bilar. For at barn skal forstå at ordet bil ikkje berre betyr mamma sin bil, må dei ha høyrte de i mange ulike samanhengar, for eksempel gjennom lek med bilar og ved å sjå at dei andre barnas foreldre også har bilar (Drugli, 2017, s. 72).

Samlingsstund er ein arena der barn møter barn og andre vaksne. Dette er ein arena for sosialt samspel og språkutvikling. Mange barnehagar brukar samlingsstund som ein aktivitet for å samle både dei vaksne og barna om noko felles (Giæver, 2014, s. 126). Samlingsstund legg grunnlag for felles inspirasjon til lek og opplevingar. Samlingsstunder er vaksenstyrt aktivitet, der barna si moglegheit for å delta er delvis avgrensa og ramma inn (Fodstad & Jæger, 2021, s. 121). I samlingsstunder er musikk og song ofte eit sentralt element. Gjennom musikkaktivitetar i barnehagen kan barna også få språkstimulering som kan bidra til deira språkutvikling. Musikk fenga barn og legg til rette for at alle kan bli inkludert i fellesskapet gjennom rytme, ord og bevegelse. Barnehagar gjentek ofte dei same songane ofte, og har eit avgrensa repertoar i løpet av året, alt etter kva tid på året det er. Ved å bruke dei same songane ofte vil barna få ein større moglegheit til å verte kjent med songane og etter kvart kan dei vere med å synge teksten også (Høigård, 2019, s. 168-169).

2.2 Teikn-til-tale

Teikn-til-tale er ein måte å kommunisera på, der ein brukar eitt eller fleire teikn i kvar setning. Dei orda ein brukar teikn på er dei ein ynskjer å leggje ekstra trykk på. Som til dømes i setninga “No skal me gå å LEIKE” så er LEIKE det ordet som blir lagt ekstra trykk på (Braadland, 2005, s. 21). Torbjørnsen (upublisert) skriv at teikn-til-tale er truleg den mest vanlege måten å bruke teikn samtidig som ein snakkar. Teikn-til tale er ikkje eit alternativ til tale, men eit supplement, der målet alltid vil vera å utvikla tale. Suhr & Rognlid (2019, s.1) seier at teikn-til-tale vanlegvis blir brukt som eit midlertidig hjelpemiddel for å læra talespråket. Teikn-til-tale er ikkje eit permanent, eige språk, slik som Norsk teiknspråk, og desse må ikkje forvekslast. Norsk teiknspråk er eit offisielt språk og er gestuelt-visuelt språk som er bygd opp for synet og har ein annan struktur enn det norske talespråket (Torbjørnsen, 2020). Teikn-til-tale blir alltid brukt i lag med tale og det blir brukt same setningsoppbygging som i norsk talespråk (Braadland, 2005, s. 22).

Nina Braadland (2005) skriv at teikn-til-tale gjer det lettare for barn å kommunisere med omverda. Det viktigaste argumentet for å bruke teikn-til-tale med barn, er at dei skal få eit tidleg samspel med omgjevnadane. Når små barn er i utvikling blir den manuelle motorikken utvikla tidlegare enn den oralmotoriske. På same måte som barn kan forstå fleire ord enn dei kan sei, kan dei også forstå fleire teikn (Suhr & Rognlid, 2018, s. 2). Barn får gjerne ein positiv respons frå omgjevnadane når dei uttrykkjer seg ved hjelp av teikn. Det at eit barn kan bruke teikn kan verke imponerende for andre, både vaksne og barn. Dette kan vere positivt og motivere barn til å lære seg fleire teikn (Braadland, 2005, s. 31).

Når barn brukar teikn-til-tale med nokon som forstår kva barnet meiner, vil samspelet i kommunikasjonen bli forsterka. Kommunikasjon utan teikn mellom barn og vaksen kan ofte skje med litt avstand eller at ein av dei har ryggen til den andre (Braadland, 2005, s. 32). I barnehagen kan det vere mykje støy, og dei vaksne kan ha vanskar med å kommunisere med kvarandre dersom dei står med avstand mellom seg. Når ein brukar teikn-til-tale kan ein kommunisere med litt avstand og dersom det er støy. Då kan ein kommunisere med teikn i staden for å måtte rope til kvarandre. Når ein brukar teikn-til-tale er det heilt essensielt at ein er ansikt til ansikt slik at begge partar kan sjå kvarandre og då sjå teikna og orda som blir kommunisert i samspelet. Augekontakt er også svært viktig for å få merksemda til kvarandre og for å få samspelet i gang. Dette kan også ha innverknad på barna, ved å auke konsentrasjon og merksemd, og fremjar då barnet si utvikling (Braadland, 2005, s. 32-33).

2.2.1 Teikn-til-tale i barnehagen

Teikn-til-tale er i liten grad forska på i følgje Torbjørnsen (upublisert). Torbjørnsen har sjølv forska på dette temaet, og eg vil her presentere litt av hennar forskning. Den vil seinare bli tatt med inn i drøftedelen og der eg vil sjå på hennar svar opp mot mine svar som eg fekk på mi undersøking.

Torbjørnsen (upublisert) gjennomførte eit forskingsprosjekt i det som tidlegare var Hordaland fylke. Utgangspunktet for forskingsprosjektet var å hente inn erfaringar frå barnehagar som brukte teikn-til-tale til alle i barnehagen. For å hente inn den informasjonen brukte ho observasjon, fokusgruppeintervju og spørjeskjema. Forskinga viser at over halvparten av barnehagane som svara på spørjeskjemaet brukte teikn-til-tale i liten eller stor grad.

Torbjørnsen trekk også fram at når barn brukar teikn-til-tale kan det verka stimulerande for språkutviklinga. Når ein brukar teikn-til-tale så brukar ein tre sansar samstundes; høyrsel, syn og utføring av bevegelsen (Torbjørnsen, upublisert). Når det er fleire sansar som blir stimulert samstundes kan det gje ei auka forståing for heile kommunikasjonen, dette blir det ofte kalla multisensorisk stimulering (Braadland, 2005, s. 35-36).

2.2.2 Teikn-til-tale som støtte til barns språkutvikling

Kommunikasjon er ei forutsetning for inkludering og deltaking. Teikn kan vera meir logiske, konkrete og illustrerande enn talte ord. Barn si språkutvikling er individuell, og det skjer i ulikt tempo frå barn til barn. For at barn skal kunne lære seg orda og teikn, er repetisjon ein viktig faktor. Kva ord ein vel å bruka rundt barna er også viktig. Teikna må vera nyttige for barna å bruke og motiverande å lære. Dersom dei vaksne ligg eitt steg framfor barna i teiknbruken og brukar fleire teikn vil det utvikle barna sitt ordforråd. (Temte & Andersen, 2019, s. 6)

Megan Matovich-Noddeland er amerikansk, og flytta til Noreg i 2010, og Petter Noddeland er norsk. Dei er begge født døve eller blei det i tidleg alder. Begge sine familiar var høyrande, men lærte seg teiknspråk. Megan sin familie lærte amerikansk teiknspråk og Petter sin familie lærte norsk teiknspråk, då språket ikkje er internasjonalt. Begge vaks opp med familie, venner og rollemodellar som kunne teiknspråk. Megan og Petter har heldt kurs i babyteikn her i Norge. Dette har lenge vore populært i USA, England og fleire andre land, men har ikkje vore like utbreidd her. Babyteikn er ein metode for å kommunisera med barn før dei kan talespråket, og som er tilpassa dei som ikkje kan teiknspråk frå før.

Matovich-Noddeland og Noddeland (2017) viser til eit forskingsprosjekt som blei gjennomført av Linda Acredolo og Susan Goodwyn i 1989, med støtte frå National Insitute of Health (NIH). Forskinga deira gjekk ut på finne ut kva verknad babyteikn kan ha på høyrande spedbarn, og kva betydning teiknspråk kan ha for tileigning av språk. I undersøkinga var det meir enn 140 familiar som deltok, der barna var 11 månadar gamle. Halvparten av familiare bestod av ei kontrollgruppe utan babyteikn, medan den andre halvparten brukte babyteikn. Kvar familie var valt ut med omsyn til barnets fødselsdato og kjønn, og foreldra sitt inntektsnivå og utdanning. (Matovich-Noddeland & Noddeland, 2017, s. 28)

Då alle barna var 11, 15, 19, 24, 30 og 36 månadar blei dei språktesta. Etter at barna hadde praktisert babyteikn i 4 månadar, då dei var 15 månadar gamle, var det ein merkbar forskjell. Då barna var 24 månadar hadde dei som brukte babyteikn utvikla eit talespråk som tilsvara det barna utan babyteikn fyrst nådde då dei var 27-29 månadar. Barna i babyteikn-gruppa kunne også setje saman lenger setningar. Undersøkinga viste at då barna fylte tre år var skilnaden store. Ein kunne sjå ein skilnad på nesten eitt år i språkutviklinga til dei barna som nytta baby-teikn og dei som ikkje nytta det. Barna i babyteikn-gruppa hadde då eit språk som er vanleg for 4-åringar. Det har seinare vorte gjort liknande forskingsprosjekt og all forskinga som har vorte gjort bekreftar Acredo og Goodwyn sine resultat. (Matovich-Noddeland & Noddeland, 2017, s. 27-28)

2.2.3 Uttrykk for følelsar

Følelsar kan vera vanskeleg å forstå og forklare for både barn og vaksne. Mange teikn innanfor følelsesregisteret som til dømes sorg, glede, sinne og samhald, er veldig uttrykksfulle i seg sjølv. Når ein brukar stemmebruk og mimikk saman med teikn får språket ei endå sterkare uttrykksform (Braadland, 2005, s. 34).

Karsten, Foster, Decker & Vallotton (2017) skriv at dei yngste barn kan ha vanskar med å uttrykkje sine behov og følelsar då dei ikkje har dei orda dei treng i sitt vokabular for å kunne uttrykkje dette. Dette kan påverke barna sine vanskar med å regulere følelsar og oppførsel, som potensielt kan føre til grining, slåing og sparking. Regulering av følelsane handlar om å forstå kva ein føler, setje ord på dei og regulere følelsane sine på ein god måte. Frå barn er født, til dei er om lag fem år utviklar dei sine grunnleggjande ferdigheiter til å kunne regulera sine følelsar, handlingar og tankar (Karsten, Foster, Decker & Vallotton, 2017, s. 39)

Barn som har problem med å regulere følelsane sine kan mellom anna ha vanskar med å følgje med, få med seg beskjedar, kontrollere negative følelsar, og vere dei kan vere meir utagerande. Medan barn som kan regulere følelsane sine tilpassar seg bra til nye folk, har høgare toleranse for negative følelsar, har betre sosiale ferdigheiter og fleire positive forhold til dei rundt seg (Karsten, Foster, Decker & Vallotton, 2017, s. 39-40)

Ein av dei viktigaste utviklingane barna gjer i forhold til si språkutvikling, er utviklinga av følelsesregulering. Teikn-til-tale kan vera ein måte å støtte dei yngste sin sjølvregulering. Når barna utviklar språkferdigheiter, blir dei i aukande grad i stand til kontrollere og merke sine eigne følelsar, intensjonar og tankar. I tillegg til at teikn-til-tale kan hjelpe barna med å uttrykkje sine følelsar, behov og kva dei vil, så kan det hjelpe barna med å sjølv berolige seg sjølv dersom dei møter motstand/konflikt/vanskar. Karsten, Foster, Decker & Vallotton gjennomførte ei studie som viste at små barn som ikkje hadde eit ferdigutvikla verbalspråk, men som brukte teikn-til-tale, brukte fire gonger så mange følelsesreguleringsstrategian enn dei kunne med ord (Karsten, Foster, Decker & Vallotton, 2017, s. 40)

2.2.4 Lov om barnehager

Lov om barnehager er ei lovsamling som alle barnehagar skal fylgja. Her er det forankra kva rettigheitar barna i barnehagen har. Eg ynskjer å vektleggje to paragrafar som eg tenkjer er sentrale i tematikken om teikn-til-tale for alle dei yngste barna.

Barnehagelova (2006, §3 a) seier at “Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet og i saker som gjelder dem selv”. For at barna skal kunne gjere seg forstått og kunne gje uttrykk for sitt syn for å kunne medverke i sin kvardag i barnehagen, må dei kunne uttrykke seg.

Barnehagelova (2006, §31 b) seier at “formålet med spesialpedagogisk hjelp er å gi barn tidlig hjelp og støtte i utvikling og læring av for eksempel språklige og sosiale ferdigheter.” Spesialpedagogisk hjelp i barnehagen handlar om å observere og kartlegge, barn for så å fatte vedtak som skal hjelpe barnet. Eit barn som har forsinka språkutvikling kan få nytte av det spesialpedagogiske tilbodet i barnehagen, og få hjelp til å utgreie kva barnehagen kan gjere for å hjelpe dette barnet med språkutviklinga.

2.2.5 Rammeplanen for barnehagen

Rammeplanen for barnehagen er eit styringsdokument som inneheld barnehagen sine oppgåver og innhald, og korleis barnehagen skal forhalde seg til ulike situasjonar og tema i barnehagen. Rammeplanen for barnehagen er inndelt i fleire kapittel, og inneheld sju fagområde. Eg vil i denne delen av oppgåva greie ut om nokre av dei punkta eg meiner er relevante i høve tematikken i oppgåva.

Rammeplanen for barnehagen (2017) seier at barnehagen skal vere bevisst på at språk og kommunikasjon påverkar og blir påverka av alle sider ved barn si utvikling. Gjennom samspel og dialog, skal barna støttast i å medverke, forstå, lytte, skape mening og kommunisere. Alle barn skal få god språkstimulering gjennom kvardagen i barnehagen, og alle barn skal få delta i aktivitetar som fremjar ei heilskapleg språkutvikling og kommunikasjon (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 23). Innanfor kvart fagområde i Rammeplanen for barnehagen er det eit avsnitt nedst med kva personalet skal gjere innanfor kvart område. I delen om kommunikasjon, språk og tekst blir det framheva at personalet mellom anna skal skape eit variert språkmiljø der barna får moglegheiter til å oppleve glede ved å kommunisere med andre og bruke språk (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 48).

Barns medverknad står sentralt i Rammeplanen for barnehagen (2017). Barnehagen skal leggje til rette for barns medverknad, og vere bevisst over barna sine ulike uttrykksformer. Barnehagen skal også leggje til rette for medverknaden til barna ved å ta omsyn til deira erfaring, behov, alder, individuelle behov og forutsetningar. Rammeplanen legg også frå, at “Også de yngste barna og barn som kommuniserer på andre måter enn gjennom tale, har rett til å gi uttrykk for sine synspunkter på egne vilkår.” Barna sin medverknad skal også vektleggjast i samsvar med barnets modnad og alder (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 27).

3.0 Metode

I dette kapittelet vil eg gjere greie for kva metodiske val eg har gjort i denne oppgåva. Deretter vil eg forklare korleis eg har arbeida med svara eg fekk inn, og korleis eg kunne gjort ting annleis for å kanskje fått meir tydelege svar. Vidare vil eg ta føre meg etiske omsyn, reliabilitet og validitet for oppgåva. Eg vil også gå inn på korleis eg har gått fram for å finne relevant litteratur og vise korleis eg har vore kritisk til kjelder.

Når ein skal velje kva metode ein skal bruka er det viktig å finne ut korleis ein på best mogleg måte kan samle inn informasjon eller data kring den problemstillinga eller spørsmålet ein vil forske på. “En metode er en fremgangsmåte, et middel til å løse problemer og komme frem til ny kunnskap. Et hvilken som helst middel som tjener dette formålet hører med i arsenalet av metoder.” (Aubert, V., 1985 s. 196, sitert i Dalland 2020, s. 53).

3.1 Metodeval

Det finst mange ulike metodar innanfor vitskapleg forskning. Det er hovudsakleg to ulike forskingsmetodar; kvalitativ metode og kvantitativ metode. Eg har valt å bruke kvantitativ metode for å finne ei løysing på problemstillinga mi. Eg har også med kvalitative data i form av tekstsva frå undersøkinga.

Kvalitativ forskning er ein metode som fangar opp opplevingar og meiningar som ikkje kan målast i tal (Dalland, 2020, s. 54). Når ein brukar denne metoden lyt ein formulere problemet snevert for å få dei svara ein ynskjer (Rienecker et al., 2013, s. 168). Ved å bruke kvalitativ forskning går ein meir i djupna og datainnsamlings skjer i direkte kontakt med feltet og data som blir samla inn tar sikte på å få fram samanheng og heilheit (Dalland, 2020, s. 55). Innanfor den kvalitative metode er det fleire ulike måtar å innhente informasjon på, som intervju, bilete, samtalar om til dømes case og observasjonar.

Kvantitativ forskning gjev svar i form av målbare data eller tal. Ved å bruke ein slik metode har ein moglegheita til å ha eit meir generaliserande problem-/er og ein kan dermed konkludere meir generelt (Rienecker et al., 2013, s. 168). Ved å bruke kvantitativ forskning skjer datainnsamlinga utan direkte kontakt med dei som deltar i undersøkinga, ein vil ofte ha faste svaralternativ og ein vil som forskar streve etter avstand og nøytralitet (Dalland, 2020, s. 55). Innanfor den kvantitative metoden er det fleire måtar å hente inn informasjon på, som analyse av eksisterande statistikk, surveyundersøking og strukturert observasjon.

Kvantitativ metode passa best for å svare på mi problemstilling, då eg ynskja å finne ut i kva situasjon barnehagar i Sogn og Fjordane brukar teikn-til-tale til alle dei yngste barna. Eg ynskjer også å finne ut kva verdi dei ser i å bruke teikn-til-tale. Ved å velje strukturert utspørjing i form av spørjeundersøking kan ein innhente data frå mange respondentar. Spørjeskjemaet som blir brukt er det same til alle, i same rekkjefølge og med dei same svaralternativa til alle. Spørjeskjemaet er ferdig utforma før det blir sendt ut til respondentane og det er ikkje mogleg å endre på det undervegs i datainnsamlinga. Det er difor viktig å prøve

ut undersøkinga før den blir sendt ut for å moglegvis avdekke feil og for å gjere spørsmåla best mogleg, og enkle å svare på for respondentane (Grønmo, 2016, s. 191).

Eg valde å ha med nokre spørsmål der respondentane kunne svare i tekstboks om dei ynskja. Dei svara eg fekk inn her er kvalitative data. Nokre av desse svara vil eg ta føre meg i drøfting og funn. Eg har difor med både kvalitative og kvantitative data i denne oppgåva.

3.2 Spørjeundersøking som metode

I denne delen av oppgåva vil eg forklare kva val eg har gjort i høve metode og korleis eg har gått fram for å innhente data.

Då eg skulle utforme problemstillinga, hadde eg ein klar tanke om at eg ville finne ut kor mange barnehagar som brukar teikn-til-tale, i kva samanheng dei brukar det til alle dei yngste barna og kva verdi dei ser i å bruke det. Eg ynskja at det geografiske området undersøkinga skulle gå føre seg i, var ein stad der det var moglegheit for meg å få inn mange svar, slik at eg i større grad kunne få meir mangfald i svara. Eg valte å bruke det som tidlegare var Sogn og Fjordane fylke, då det er der eg held til og då det tidlegare er gjort ei liknande undersøking i det som tidlegare var Hordaland fylke. Eg ynskja å sjå på om det var noko skilnad mellom svara frå desse to gamle fylka, som no er blitt slått saman.

Når ein skal gjere ei spørjeundersøking er tid ein viktig faktor for kor mange svar ein kan få inn. Etter å ha diskutert med rettleiar, fann me ut at tre veker var optimalt. To veker etter eg hadde sendt ut undersøkinga sendte eg ut ei påminning til barnehagane for å få inn mest mogleg svar. Eg valte å formidle spørjeundersøkinga i form av ein hyperlink til undersøkinga utsendt via e-post til alle barnehagane i Sogn og Fjordane. Ein kan også levere ei slik undersøking i papirform, men for meg var det upraktisk å reise til kvar barnehage med undersøkinga i papirform når det var snakk om eit så stort geografisk område (Grønmo, 2016, s. 141). Ei veke etter eg hadde sendt ut påminninga avslutta eg undersøkinga. Å sende ut ei påminning viste seg å vere nyttig då eg fekk inn over 20 ekstra svar den siste veka. Første veka var det ein del som svarte, imens i veke to var det ingen innsendarar (Grønmo, 208). Vedlegg 1 viser informasjonsskrivet som blei sendt i lag med undersøkinga.

Før eg sendte ut undersøkinga, sendte eg den til vener og familie for å sjå at alle funksjonane fungerte og for å sjekke at det var alternativ som alle kunne svare på. Eg ville også sjå kor lang tid dei brukte på undersøkinga og om den var enkel å manøvrere seg gjennom. Dette var

viktig for meg då det kan vere lite motiverande å fullføre ei undersøking som er rotete, inneheld skrivefeil eller som tek for lang tid (Grønmo, 2016, s. 206).

3.3 Utval av spørsmål

Eg valte å lage ein spørjeundersøking på SurveyXact, der eg på førehand hadde tenkt nøye gjennom korleis spørsmåla skulle formulerast, og kva spørsmål eg ville ha med for å få best mogleg svar på mi problemstilling. Dei fleste spørsmåla hadde multiple choice. På nokre spørsmål kunne dei berre velje eit av alternativa og det var nokre spørsmål som hadde tekstboks der respondentane kunne skrive inn eit tekstsvar om dei ynskja.

Spørsmåla i undersøkinga var i hovudsak lukka spørsmål. Dei spørsmåla utan tekstboks hadde eit alternativ som var “anna” der dei kunne skrive inn tekstsvar dersom dei ville utfylle meir deira svar, eller dei alternativa eg hadde sett opp ikkje passa til deira svar. Dette gjer at spørsmåla til ei viss grad er opne ved at respondentane kunne skive tekstsvar dersom ingen av svaralternativa passa dei. Eg ynskja at alle som tok undersøkinga kunne gje eit best mogleg bilde på deira bruk av teikn-til-tale. Dersom dei brukte det, ynskja eg å få eit innblikk i korleis dei brukte det, og kven dei bruka det med. Eg valte også å ha med nokre spørsmål som omhandla korleis miljøet i barnehagen var tilrettelagt for eventuelt støtte av verbalspråket ved hjelp av teikn-til-tale og om foreldra var involvert eller blei oppfordra til å bruke teikn-til-tale i heimen. Vedlegg 2 viser alle spørsmål i undersøkinga.

3.4 Kritikk mot val av metode

Ved å velje spørjeundersøking som metode, fekk eg breiare innsamling av data, med fleire som kunne svara på dei spørsmåla eg hadde. Dersom eg til dømes hadde valt å bruke intervju som er ein kvalitativ metode, kunne eg fått meir djupn i svara på spørsmåla, men eg hadde då fått svar frå færre barnehagar (Dalland, 2020, s. 55)

Eg sendte e-post med informasjon om spørjeundersøkinga og link til undersøkinga til 140 barnehagar. Desse e-postane blei sendt til styrar i dei ulike barnehagane, og undersøkinga var anonym. Dette gjer at eg ikkje veit kvar svara kjem frå, eller om responsen er frå same barnehage. Eg veit heller ikkje kor mange som faktisk har fått tilsendt denne undersøkinga av pedagogar i barnehagane. Eg presiserte i e-posten at undersøkinga var retta mot pedagogar, og at det var dei som skulle svare på denne undersøkinga. Eg kan sjå på formuleringane på nokre av svara eg har fått at det er styrar som har svara, og at dei ikkje veit heilt korleis- eller

om avdelingane brukar teikn-til-tale. Eg kunne kanskje sendt e-post til ulike pedagogiske leiarane i barnehagane i staden for, eller lagt endå større vekt på at eg ynskja svar frå pedagogane i e-posten, for å få fleire svar frå pedagogar.

Ved at det i nokre tilfelle berre er styrar som har svara på undersøkinga, og i andre tilfelle ein eller fleire pedagogar som har svara frå same barnehage, gjer det at eg ikkje veit kor mange barnehagar som faktisk har deltatt i undersøkinga. Eg fekk e-post frå ein styrar som sa at dei hadde sendt undersøkinga vidare til sine pedagogar i barnehagen, og at dei skulle svare på undersøkinga. Det er difor eg veit at i nokre tilfelle har fleire svara frå ein barnehage. Eg visste på førehand av undersøkinga at eg ikkje kunne vite kor mange frå kvar barnehage som hadde svara då den er anonym. Det totale talet av avdelingar eller barnehagar som brukar teikn-til-tale er umogleg for meg å vite eller finne ut av. I staden for å presisere at eg ynskja svar frå pedagogar, kunne eg presisert at styrar skulle svare. Ved å gjere det i staden, hadde eg fått talet på kor mange barnehagar som svara på undersøkinga.

Ved å bruke mange spørsmål med multiple choice, kan det vere utfordrande å finne ut kor mange som har svart på enkelte spørsmål då respondentane kan svare med fleire alternativ. Med multiple choice har respondentane samtidig moglegheit til å velje fleire alternativ som passar dei i staden for å velje det som passa best dersom dei berre kunne velje eitt av dei.

På spørsmålet “Brukar de teikn i særskilte situasjonar i løpet av dagen?” hadde eg fleire svaralternativ, og dei hadde multiple choice funksjonen. Eg hadde ikkje tatt med “Nei” som eit svar alternativ, dette hadde eg oversett eller gløymt. Fem av seks som hadde svara “anna” på dette spørsmålet skreiv “nei” eller variasjonar av dette. Eg burde her hatt eit alternativ som var nei.

3.5 Reliabilitet, validitet og etiske omsyn

3.5.1 Reliabilitet

Reliabilitet dreiar seg om datamaterialet si pålitelegheit. Reliabiliteten vil vere høg dersom datainnsamling og undersøkelsesopplegget gjev pålitelege data. Dette omhandlar at dersom ein utfører den same undersøkinga innan det same temaet, så vil ein kunne sjå eit stort samsvar mellom dei to innsamlingane. Korleis ei undersøking er utforma og korleis datainnsamlinga føregår påverkar reliabiliteten (Grønmo, 2016, s. 240-241). Vala eg har gjort i høve utforming av mi undersøking og korleis eg har behandla innsamla data, meiner eg det vil vere mogleg å gjennomføre same undersøking andre stader då den ikkje er avgrensande

geografisk. Ein vil kanskje få ein variasjon i dei svara ein får då det kan vera kommunar eller fylker som har jobba meir med dette temaet enn andre via kompetanseheving til dømes.

3.5.2 Validitet

Validitet handlar om datamaterialet si gyldigheit for det problemstillinga skal belyse. Validiteten vil dermed vere høg dersom resultatata frå datainnsamlinga er relevant for problemstillinga (Grønmo, 2016, s. 243). Datamateriala eg har innhenta, meiner eg kan svare godt på problemstillinga eg har i denne oppgåva.

3.5.3 Etiske omsyn

Når ein gjennomfører ei datainnsamling og gjer ei undersøking, er det etiske omsyn ein må ta stilling til. Når eg gjennomførte undersøking blei det ikkje samla inn privat informasjon om dei som responderte på den. Det blei ikkje registeret kva barnehage dei kom frå, e-postadressene deira eller IP-adresser. Eg informerte i e-post til barnehagane at undersøkinga var anonym at deira personvern blei ivaretatt i høve til personvernlova. Alle data eg har samla inn vil bli sletta etter eg har levert bacheloroppgåva og det er ingen som kan finne ut kven som har svara eller kva nokon har svart på undersøkinga mi (Dalland, 2020, s. 168).

Når ein sender ut ei spørjeundersøking for ei spesifikk målgruppe, som det eg har gjort der mi målgruppe var pedagogar i Sogn og Fjordane, er det lurt å tenkje over korleis ein skal formidle undersøkinga. Eg valte å sende den ut via e-post for å nå mi målgruppe i staden for å til dømes leggje den ut på Facebook då dette kan nå personar som ikkje er relevant for mi oppgåve og som kunne ha gjort mine resultat ugyldige.

3.6 Framgangsmåte kring val av litteratur

Då eg hadde bestemt meg for tema på bacheloroppgåva, byrja eg å søke etter litteratur eg kunne lese på for å tileigne meg meir kunnskap kring temaet, og for å lage ei problemstilling. Litteraturen eg har brukt i denne oppgåva har eg gjort ved å søke på biblioteket til Høgskulen på Vestlandet i Sogndal. På biblioteket har eg både søkt digitalt og fysisk for å finne den litteraturen som er mest relevant for mi problemstilling (Dalland, 2020, s. 142). Rettleiar har mykje kjennskap til kva litteratur og forskning det er gjort om tematikken teikn-til-tale. Eg har og fått noko hjelp frå rettleiar til å finne relevant litteratur til mi problemstilling. Eg har også søkt og funne litteratur på Nasjonalbiblioteket si nettside.

3.7 Kildekritikk

Det er viktig å vere kritisk til den litteraturen ein skal nytte. Den litteraturen ein vel å ta med må vere relevant for belyse den problemstillinga som ein har satt seg (Dalland, 2020, s. 152). Då eg søkte etter litteratur på biblioteket på skulen og på Nasjonalbiblioteket såg eg etter det som var mest relevant for å svare på mi problemstilling. Den litteraturen rettleiar har hjelpt meg med, har i hovudsak vore engelske artiklar som eg truleg ikkje hadde funne fram til sjølv utan å ha gjort eit vidare litteratursøk på engelsk. Inger Birgitte Torbjørnsen er min rettleiar, og ho har forska på teikn-til-tale. Den andre utgåva av boka til Nina Braadland (2005) “Tegn til tale – for alle” er ei av dei bøkene eg har valt å leggje vekt på i denne oppgåva. Dette er ei eldre bok, og det kan ha skjedd utvikling på dette feltet etter at boka vart gitt ut (Dalland, 2020, s. 152). Eg meiner likevel at den er relevant, då Braadland viser til eigne erfaringar med bruk av teikn-til-tale, og dei tema ho set lys på i boka framleis er relevant og lite endra i nyare forskning. Eg har også brukt “Mine tegn: Babyboka” av Temte og Andersen (2019) og “Jeg vet nå at hun kan tenke” av Suhr og Rognlid (2018). Dette er ei bok og ein artikkel frå internett som er publisert av Statped. Statped er ei statleg støttetjeneste for kommunar og fylkeskommunar. Dei er direkte underlagt Kunnskapsdepartementet og eg vurderer dette som ei truverdig kjelde (Dalland, 2020, s. 143).

4.0 Presentasjon av funn og drøfting

Eg vil i denne delen av oppgåva presentere mine funn og drøfte dei opp mot relevant teori eg har valt å ta med. For å gjere det mest mogleg oversiktleg for lesar, har eg valt å drøfte funn og teori saman, i staden for å dele det opp i to ulike deler.

Eg fekk inn totalt 69 svar på spørjeundersøkinga, der den blei sendt ut til saman 140 barnehagar. Grønmo (2016) skriv at svarprosenten ved spørjeundersøkingar der respondentane fyller ut skjemaet sjølv ligg rundt 50-60%. Til trass for situasjonen barnehagar har stått i dei to siste åra, med tanke på COVID-19, som mellom anna førte med seg høgt sjukefråvær og strenge reglar for kortid ein kan reise på jobb, syns eg det er mange som har tatt seg tid til å svare.

Drøftinga av funna eg har gjort vil eg gjere med problemstillinga mi i fokus, i tillegg til den teorien eg har valt å ha fokus på i denne oppgåva.

Problemstilling: I kva situasjon brukar barnehagar i Sogn og Fjordane teikn-til-tale til alle dei yngste barna? Og kva verdi ser dei i å bruke teikn-til-tale?

Hovudpunkta i denne delen av oppgåva er difor:


- Bruk av teikn-til-tale med dei yngste barna i barnehagen
- Teikn-til-tale som støtte for å fremje barns språkutvikling
- Korleis teikn-til-tale kan påverke det sosiale samspelet i barnehagen
- Teikn-til-tale som støtte i ulike situasjonar
- Moglege hinder for å starte opp med teikn-til-tale

4.1 Teikn-til-tale med dei yngste barna i barnehagen

Eg vil byrje med å drøfte det fyrste spørsmålet eg hadde i undersøkinga som gjev eit grunnlag for resten av spørsmåla eg stilte, og som også er viktig i drøftinga. Det fyrste spørsmålet eg stilte var “Brukar de teikn-til-tale i barnehagen?”. Eg valte å byrje med dette spørsmålet då det er eit enkelt spørsmål som ikkje skal vere utfordrande for respondentane å svare på.

Grønmo (2016) hevdar at det er viktig å tenkje over rekkefølgja av spørsmåla ein stiller, og at det er lurt å byrje med eit spørsmål som vekker interesse for så å gå djupare i tematikken etter kvart, og følgje opp med spørsmål som kan vere meir krevjande for respondentane.

Figur 1, viser tala frå spørsmålet “Brukar de teikn-til-tale i barnehagen?” På dette spørsmålet kunne respondentane berre svare på eit av alternativa. Av dei som svara “Anna” på dette spørsmålet, har fem av dei formulert at dei brukar teikn-til-tale i nokre situasjonar i løpet av dagen. Dersom ein legg saman tala for svaralternativa “Ja, til alle borna”, “Til barn med spesielle behov”, “Til dei yngste barna” og dei fem frå “Anna”, vil det seie at det til saman er 51 % av dei som svara på undersøkinga brukar teikn-til-tale enten til heile barnegrupper eller til enkeltbarn. Undersøkinga som Torbjørnsen (upublisert) gjennomførte i Hordaland viser relativt like tal som det eg har fått. Svara ho fekk inn viser at 57% av barnehagane brukte teikn i større eller mindre grad. Det viser at det dermed ikkje er noko stor skilnad i bruken av teikn-til-tale mellom Hordaland og Sogn og Fjordane når det gjeld generell bruk av dette.



Figur 1 - Viser resultatata frå spørsmålet "Brukar de teikn-til-tale i barnehagen?"

Torbjørnsen (upublisert) hadde ikkje eit svaralternativ på sitt spørjeskjema som var retta mot bruk av teikn-til-tale til dei yngste, slik som eg hadde, så eg kan dermed ikkje samanlikne det resultatet eg fekk opp mot hennas her. På dette svaralternativet svara 3% at dei brukte teikn-til-tale til dei yngste. Respondentane svara at dei brukar teikn-til-tale til alle barna, vil også gå under dei som brukar teikn-til-tale til dei yngste, slik eg tolkar det. Dermed vil det då vere 22% som brukar det til alle dei yngste når ein legg desse to verdiane saman. Bruk av teikn-til-tale kan ha fleire fordelar når det omhandlar å bruke det til dei yngste i barnehagen.

Braadland (2005) hevdar at ein av fordelane med å bruke teikn-til-tale med dei yngste barna er at det kan forsterke samspelet og at barn kan gjera seg forstått tidlegare enn dersom dei skal ytre seg verbalt. Barn sin orale motorikk blir utvikla seinare enn den manuell motoriske, men dei kan forstå mange ord sjølv om dei ikkje klarer å uttrykkje seg verbalt. Ved å kunne bruke teikn kan barn tidlegare gjera seg forstått (Suhr & Rognlid, 2018, s. 1).

Teikn-til-tale er som tidlegare nemnt ei støtte til verbalspråket (Suhr & Rognlid, 2018, s. 1). For å få meir informasjon kring grunnen til at barnehagar brukte teikn til dei yngste i barnehagen, stilte eg eit opent spørsmål med tekstboks der respondentane kunne skrive inn tekstsvaret dersom dei ynskja. Spørsmålet var "Kvifor brukar de teikn-til-tale til dei yngste?" Ein av respondentane svara dette på spørsmålet:

For di det er ein god måte å tydeleggjere det vi vaksne meiner verbalt. Og fordi det er lettare for barna å vise teikn enn å sei ord, så vi opplever at barna lettare blir forstått av oss vaksne når dei kan bruke teikn.

Det respondenten seier, er at barna lettare kan bli forstått og det kan tenkast at det blir mindre konflikt og misforståingar når barna kan gjere seg forstått. Det kan og tenkast at samspelet mellom barna og dei vaksne blir sterkare når dei kan forstå kvarandre (Suhr & Rognlid, 2018, s. 2). Når barna kan gjere seg meir forstått gjennom teikn, enn det dei kan gjennom verbalspråket kan dei også i større grad uttrykkja følelsane sine. Når barn får uttrykkje sine følelsar kan dette bidra til at dei kan regulere følelsane sine sjølv. Barn som ikkje kan regulere følelsane sine kan bli utagerande og frustrerte då dei ikkje klarar å gjere seg forstått. Undersøkinga til Karsten, Foster, Decker & Vallotton viste at barn som ikkje hadde eit ferdigutvikla verbalspråk, men som kunne bruke teikn-til-tale brukte fire gonger så mange følelsesreguleringsstrategiar enn dei kunne bruke med hjelp av ord (Karsten, Foster, Decker & Vallotton, 2017, s. 40).

4.2 Teikn-til-tale som støtte for å fremje barns språkutvikling

For at barn skal kunne få medverke i barnehagen må dei kunne gjere seg forstått.

Medverknad står sentralt i både Lov om barnehager og i Rammeplan for barnehagen. For å fremje barns medverknad i barnehagen skal ein mellom anna, leggje til rette for deira medverknad og gjere seg bevisst på barn sine ulike uttrykksformer (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 27). Dei yngste barna i barnehagen har også ein rett til å kunne vere med å bestemme i deira kvardag i barnehagen (Barnehageloven, 2006, §3). For at barnehagen skal kunne oppnå dette, må barn kunne bli forstått av dei andre i barnehagen, men korleis skal dei kunne gjere det dersom dei ikkje har eit utvikla verbalspråk?

Gjennom å bruke teikn-til-tale kan barn uttrykkje seg før deira verbalspråk er utvikla.

Undersøkinga til Acredo og Goodwyn (i Matovich-Noddeland & Noddeland, 2017) viste at barna som hadde brukt teikn-til-tale frå dei var 11 månadar til dei var 3 år hadde ei språkutvikling som låg framfor dei som ikkje brukte teikn-til-tale med nesten 1 år i skilnad. Barna som hadde brukt teikn-til-tale hadde eit språk som var vanleg for 4 åringar. For at dei skal kunne uttrykkje seg med teikn, lyt barnehagen ha kunnskap om dette. Personalet i barnehagen lyt også bruke teikn til barna slik at dei kan kople dei ulike orda til teikna. Eit av svara eg fekk inn i spørjeundersøkinga mi var:

Dei minste barna brukar teikn for å gjere seg forstått. Vi kan sjå kor fort dei lærer. Barna har også interesse for å bruke teikn. Skapar samhold mellom barna og barnvoksen, felles språk. God støtte i språkutviklinga

Dette svaret viser at denne barnehagen har hatt god nytte av å bruke teikn-til-tale for å støtte barn si språkutvikling og at barna har interesse av å bruke det. Barn er svært lærevillige, og når dei har ei interesse for å lære noko, er det endå meir givande for dei (Gjems (2014), i Drugli, 2017, s. 73). For vaksne i barnehagen vil det òg vera givande å fortsetje med arbeidet når dei kan sjå at barna tykkjer det er interessant samtidig som dei lærer noko. Sidan barn byrjar tidlegare i barnehagen no enn før, er det ekstra viktig at barnehagen har god kompetanse på korleis dei kan hjelpe barn i den store språkutviklinga dei går gjennom dei fyrste åra (Fodstad & Jæger, s. 120).

4.3 Korleis teikn-til-tale kan påverke det sosiale samspelet i barnehagen

Når barn kan samtale med andre i barnehagen, legg det grunnlag for gode sosiale relasjonar. Det er viktig for barn å kunne kommunisere med dei vaksne i barnehagen, men det er også viktig at dei kan kommunisere med andre barn. Språkutviklinga til barn skjer gjennom samspel med omsorgspersonane. Det er heilt avgjerande for barn at dei møter vaksne i barnehagen som gjev dei moglegheit til sosialt samspel då dette legg grunnlag for korleis barn samtalar med andre (Høigård, 2019, s. 19). Barn lærer her korleis språket blir brukt og dei kan få gode erfaringar. Eit perspektiv eg fekk frå spørjeundersøkinga på kvifor barnehagen brukte teikn-til-tale var dette:

Fordi det er ein god måte å tydeleggjere det vi vaksne meina verbalt. Og fordi det er lettare for barna å vise teikn enn å sei ord, så vi opplever at barna lettare blir forstått av oss vaksne når dei kan bruke teikn. Vi slepp at dei kastar maten på golvet, at dei skrik når dei ikkje vil noko eller når dei vil ha drikke/mat, fordi dei kan vise oss teikn. Teikn til tale er eit fantastisk verktøy på småbarnsavdelinga!

Dette perspektivet viser at denne barnehagen har stor nytte av bruk av teikn-til-tale med dei yngste barna. Her kan barna betre forstå det dei vaksne seier ved at dei vaksne set teikn på dei viktigaste orda (Braadland, 2005, s. 33). Det viser òg at barn er rolegare, og lydnivået blir senka ved at barna kan vise kva dei ynskjer gjennom å bruke teikn. Eit anna svar eg fekk gjennom undersøkinga mi var:


(...)Vi ynsket at alle barn skulle lære det, slik at barnet det gjaldt å kunne kommunisere ikkje berre med dei vaksne, men også dei andre barna. Då såg vi kor stort utbytte ALLE eitt- og toåringar på avdelinga hadde av dette og fortsette med det.

Dersom eit barn brukar teikn, og ikkje har verbalspråk, og ingen av dei andre barna kan teikn-til-tale, kan det fort skje at barnet fell utanfor sosialt. Kommunikasjon er ei føresetnad for at barn skal bli inkludert, og få delta i barnehagen (Temte & Andersen, 2019, s. 6). Til dømes i leikesituasjonar, vil det vere utfordrande for barnet utan verbalspråk å gjere seg forstått når dei andre barna ikkje kan teikn. Barn er lærevillige og teikn-til-tale kan ha ein effekt i forhold til mobbing. Ulikskap mellom barn kan bli større dess eldre dei blir. Dersom det normaliserast at eit barn til dømes brukar hendene for å snakke, og at andre barn forstår dette, kan det vere med å førebygge mobbing og utestenging. Det kan også gjere at barn som brukar teikn blir meir inkluderte i samspel med andre barn dersom det er normalisert.

4.4 Teikn-til-tale som støtte i ulike situasjonar

Korleis barnehagar legg til rette for bruk av teikn-til-tale er ulikt. I denne delen vil eg drøfte dei ulike svara eg fekk inn på spørsmålet “Brukar de teikn i særskilte situasjonar i løpet av dagen?”. Eg vil også drøfte nokre av tekstsvara eg fekk inn. Desse gjev eit grundigare svar på kvifor barnehagane brukar teikn i ulike situasjonar i løpet av dagen, og kva verdi dei ser i det.

Figur 2 viser svara eg fekk på spørsmålet “Brukar de teikn i særskilte situasjonar i løpet av dagen?” Dette var eit multiple choice spørsmål og figuren viser 43% av dei som svarte, brukte teikn-til-tale i “samlingsstund/songsamling”. Det var dette svaralternativet som hadde flest svar. Det var også mange svar på alternativet “måltidssituasjonar”, heile 40% svara at dei brukte teikn ved måltida.



Figur 2 - Viser resultatet på spørsmålet “Brukar de teikn i særskilte situasjonar i løpet av dagen?”

4.4.1 Samlingsstund som arena for bruk av teikn-til-tale

Samlingsstunder har ofte repetisjon eller presentasjon av eit innhald, og det gagnar samlingsstunder som språkutviklingsarena på. Samlingsstunder er ein måte å samle ein del av- eller heile barnegruppa om noko felles. Barn kan få kjenne på at dei høyrer til og er ein del av fellesskapet ved å vere med i ei samlingsstund (Giæver, 2014, s. 126). Samtidig kan barnas medverknad svært avgrensa i samlingsstunder, og dei vaksne styrer mykje innanfor dei rammene dei har satt opp. Dialogen er difor ofte prega av lukka spørsmål med ja- eller nei-svar, og det er i hovudsak dei vaksne som snakkar og barn som lyttar (Fodstad & Jæger, 2021, s. 121). Eit tekstsvaret som omhandlar bruk av teikn-til-tale i samlingsstund er:

“For å betre forståing og fokus når vi syng og les bøker”

Samlingsstund kan vere ein arena for personalet i barnehagen å nytte seg av teikn-til-tale. Ved å for eksempel bruke songar som inneheld teikn-til-tale kan det vere at dei minste barna som ikkje endå har utvikla verbalspråket, kan vere med å syngje songen med hendene sine, i staden for å syngje med stemma. Bevegelse og song heng tett saman. Det er naturleg å bevege seg etter musikk og slik vil det vere i samlingsstunder og. Handbevegelsar til barnesongar har vore vanleg lenge, som til dømes i songen «Lille Petter Edderkopp» bruker ein hendene når edderkoppen klatrar opp og fell ned. Det kan vere fleire barnehagar som brukar handbevegelsar som er teikn-til-tale i songar, og dei kan ha brukt songen i mange år med teikn utan at dei veit det. Det kan til dømes er ein tradisjonssong som «alltid har vore slik».

4.4.2 Måltidssituasjonar som arena for bruk av teikn til tale

I løpet av dagen i barnehagen er det ofte tre måltid; frukost, lunsj og fruktmåltid. Det kan vere born som har ete frukost før dei kjem i barnehagen, men det er og ein del barn som et når dei kjem i barnehagen. Måltid i barnehagen er eit samlingspunkt for store og små. Her sitt alle samla, oftast rundt bordet og her er det gode moglegheiter for at samtalar oppstår. Dette er også ein situasjon der barna treng å gje uttrykk for kva dei ynskjer å ha på skiva si eller kva frukt dei har lyst på. Med dei yngste i barnehagen kan difor måltidssituasjonane ofte vere frustrerande og ha eit høgt lydnivå dersom barna ikkje kan uttrykkje kva dei ynskjer og personalet ikkje klarar å forstå kva dei meiner. Teikn-til-tale kan difor vere eit hjelpemiddel

som kan gjere måltidssituasjonane mindre frustrerande og meir harmoniske, for både barna og vaksne. Eit av tekstsvara eg har fått inn er:

Barna viser teikn for ferdig td, i steden for å kaste maten på golvet. Barna forstår teikna fort og brukar dei enklaste som ferdig, takk, tørst og svolten lenge før dei sjølv kan seie det med ord.

Dette svaret viser at barn som ikkje har eit verbalspråk viser teikn for ulike ting i måltidssituasjonane. Denne respondenten seier og at barna forstår teikna fort. Torbjørnsen (2020) skriv at dei yngste i barnehagen kan ha stort utbytte av at dei vaksne brukar teikn. Når vaksne møter barn med teikn, kan det vere lettare for barna å uttrykkje sine behov. På denne måten kan dei føle tryggleik og mindre frustrasjon. I ein måltidssituasjon der barn kan uttrykkje at dei til dømes er ferdige å ete, slik som det svaret eg fekk på undersøkinga over, kan dette ha ei positiv effekt for både barn og vaksne.

4.5 Moglege hinder for å starte opp med teikn-til-tale

Det kan vere ulike grunnar til at barnehagar ikkje brukar teikn-til-tale. Det kan vere at nokre barnehagar ikkje veit korleis dei kan starte opp. Det kan og vere at PPT, og andre instansar kan ha ei oppfatning som gjer at dei ikkje anbefala å bruke det. Barnehagane har vore under eit ekstra stort press under koronapandemien med høgt sjukefråvær og mangel på vikarar. Dette kan også påverke kor godt dei kan få implementert teikn-til-tale på ei avdeling då det kan vere tidkrevjande og omfattande for personalet å setje seg inn i. Økonomi kan også vere ein faktor då ein kan trenge ekstra ressursar for å setje i gang med teikn-til-tale, spesielt dersom det ikkje ligg til grunn eit barn med spesielle behov som kan få ekstra midlar for å få teikn inn i barnehagen.

Eg var nysgjerrig på kvifor barnehagane eventuelt ikkje brukte teikn-til-tale då det eg har lært om det, og den vesle erfaringa eg har med å bruke det, er positivt og det verkar som ein ikkje kan tape noko ved å bruke det. Eit svar eg fekk inn i ein av tekstboksane er:

Eg tenke teikn til tale burde vore i mykje større grad brukt! det fell naturleg for barna å bruke dei. Synd PPT og andre for raskt ser bilete som einaste moglegheit for ASK

Med dette svaret kan ein sjå at barnehagen ser ein verdi i at dei brukar teikn til borna, men at PPT og andre instansar ikkje har det same synet og heller anbefaler å bruka bilete for alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK). Bilete kan også vere eit nyttig hjelpemiddel for å støtte barna og hjelpe dei med å uttrykkje seg. Når ein brukar bilete vil barna klart kunne sjå kva ein meiner då bileta er illustrative og dei kan vere enkle å forstå for barnet. Dersom barn til dømes skal velje mellom å leike med bilar eller tog kan ein halde opp dei to kort med bilete av tog og bil, så kan barnet peike på kva dei vil. Ved å bruke bilete, eller konkretar er ein avhengig av å til ei kvar tid ha det tilgjengeleg for barnet, eller barna det gjeld. Dersom ein brukar teikn-til-tale kan det vera meir tilgjengeleg enn dersom ein brukar bilete som alternativ og supplerande kommunikasjon. Med teikn-til-tale har ein det heile tida med seg då ein brukar hendene som hjelpemiddel for kommunikasjonen. Teikn-til-tale kan på ei anna side vera meir krevjande for både barna og vaksne å læra seg, i forhold til bilete eller konkretar.

Ein av respondentane svara:

Mange barn synst det er interessant å lære seg det, men det variera kor mykje ein får brukt det. Det er tidkrevjande, og ein får oftast ikkje fleire ressursar eller tid for å bruke tid til å lære seg og lage det til.

Denne respondenten meiner at for barn kan det vere ein verdi å bruka teikn då dei tykkjer det er interessant å læra det. For personalet er det ein tidkrevjande prosess, og ressursane og tida er ein avgjerande faktor for at barnehagen skal kunne ha teikn-til-tale som støtte for barna. Torbjørnsen (upublisert) skriv mellom anna at oppstart av bruk av teikn ofte byrjar med at eit eller fleire barn treng støtte i språkutviklinga, og at nokre barnehagar då vel å inkludere alle i bruk av teikn-til-tale for å styrke språkutviklinga.

Når barnehagar ikkje har ressursar eller tid til å setje i gang teikn-til-tale for barn som til dømes har utfordringar med språket, men ikkje har fått vedtak på det, er synd. Torbjørnsen (upublisert) skriv også at ei positiv side ved å bruke teikn-til-tale til alle barna i barnegruppa er at dei vaksne vil ha kompetansen på plass når det kjem eit barn i barnehagen som treng støtte i språkutviklinga. Når teikn-til-tale fyrst er integrert på avdelinga og personalet er trygge på å bruke det vil det vere naturleg for dei å bruke. Dersom barnehagane held i stand

sin kunnskap om bruk av teikn-til-tale og brukar det kontinuerleg der det er behov, vil det ikkje krevja ressursar og tid. Teikn-til-tale kan også vere eit førebyggjande tiltak for seinare språkvanskar. Ein kan kanskje ikkje oppdage språkvanskar tidlegare ved å bruka teikn-til-tale, men ein har då ein kommunikasjon i botn som kan gjere det enklare for eit barn som ligg bak i si språkutvikling.

5.0 Avslutning og oppsummering

I denne bacheloroppgåva har eg sett på kva situasjonar barnehagar i Sogn og Fjordane brukar teikn-til-tale med dei yngste barna i barnehagen, og kva verdi dei ser i å bruke det. Eg har gjennom kvantitativ datainnsamling og litteratur som er relevant for temaet drøfta problemstillinga “I kva situasjon brukar barnehagar i Sogn og Fjordane teikn-til-tale til alle dei yngste barna? Og kva verdi ser dei i å bruke teikn-til-tale?”

Mitt fyrste møte med teikn-til-tale var 3 året på utdanninga i faget LEK301. Vidare har eg brukt teikn-til-tale i praksis gjennom eit utviklingsarbeid. Eg tykkjer teikn-til-tale interessant, og det har vore lærerikt for meg å gjennomføre spørjeundersøking, og setje meg inn i litteratur om temaet til denne oppgåva. Dette er kunnskap som eg trur vil vere nyttig for meg når eg kjem ut i arbeidslivet. Ved at eg sitt på kunnskap om teikn-til-tale og har kjennskap om korleis ein kan bruke det i barnehagen i ulike situasjonar og med ulike formål er dette nyttig for meg å ta med ut i arbeidslivet.

Gjennom drøftinga har eg sett søkelyset mot kva situasjonar barnehagar i tidlegare Sogn og Fjordane nyttar teikn-til-tale ved hjelp av svara eg samla inn i spørjeundersøkinga. Eg har framheva samlingsstund og måltidssituasjonar som situasjonar der barnehagane brukte teikn-til-tale. Desse to situasjonane kan vere godt eigna for å bruke teikn-til-tale då ein naturleg har barna sitt fokus. Dette er også situasjonar der barna kan vere med å medverke, spesielt i måltidssituasjonar. Der står barna ovanfor fleire val som til dømes om dei vil ha mjølk eller vatn i koppen og kva pålegg dei vil ha på skiva si. Det er difor gode moglegheiter for barn og vaksne til å bruke teikn for å lette kommunikasjonen når barna ikkje har eit utvikla verbalspråk.

Denne oppgåva har også sett lys på kva verdiar barnehagar i Sogn og Fjordane ser i å bruka teikn-til-tale. Fleire barnehagar har svara at dei ser at kommunikasjon mellom barn-vaksen, og barn-barn blir sterkare, og det blir mindre konflikt og misforståingar når dei brukar teikn-

til-tale. Det har også ført til inkludering av enkeltbarn som brukar teikn-til-tale ved at alle barna og vaksne har lært seg det og kan kommunisere saman.

Dersom ein skulle forske vidare på dette er det fleire vegar ein kan velje. Det hadde vore interessant å intervju og observere nokre av dei barnehagane som brukar teikn-til-tale aktivt med alle barn på avdelinga for å sjå korleis dei jobbar med det, og høyre korleis dei har gått fram for å få det integrert i barnehagen. Det hadde òg vore interessant å få ein innsyn i kva utfordringar dei har stått ovanfor i sitt arbeid med teikn-til-tale.

6.0 Litteraturliste

- Barnehageloven. (2006). *Lov om barnehager* (LOV-2005-06-17-64)- Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64>
- Braadland. (2005). *Tegn-til-tale - for alle: en vei til talespråket* (2. utg.). Gyldendal akademisk.
- Dalland, & Keeping, D. (2020). *Metode og oppgaveskriving* (7. utgave.). Gyldendal.
- Drugli. (2017). *Liten i barnehagen* (3. utg.). Cappelen Damm akademisk.
- Fodstad, C. D. & Jæger, H. (2021) *Småbarns lek og lekende voksne i bevegelse mellom orden og kaos i samlingsstunder*. I Sæther, M. (Red.), *Den frie lekens vilkår* (s. 119-135). Universitetsforlaget
- Giæver, K. (2014). *Inkluderende språkfelleskap i barnehagen*. Fagbokforlaget.
- Grønmo, S. (2016). *Samfunnsvitenskapelige metoder* (2. utg.). Fagbokforlaget.
- Høigård. (2019). *Barns språkutvikling : muntlig og skriftlig* (4. utgave.). Universitetsforlaget.
- Karsten, A. E., Foster, T. D., Decker, K. B., & Vallotton, C. (2017). *Toddlers take emotion regulation into their own hands with infant signs*. *YC Young Children*, 72(1), 38-43.
- Kunnskapsdepartementet. (2017). *Rammeplan for barnehagen: Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver*. Udir. Henta frå: <https://www.udir.no/globalassets/filer/barnehage/rammeplan/rammeplan-for-barnehagen-bokmal2017.pdf>
- Matovich-Noddeland, M., & Noddeland, P. (2017). *Babytegn. Åpne barnets verden*. Cappelen Damm.
- Rienecker, L., Stray Jørgensen, P., Skov, S., & Landaas, W. (2013). *Den gode oppgaven : håndbok i oppgaveskriving på universitet og høyskole* (2. utg.). Fagbokforl.
- Suhr, G., I. & Rognlid, W. (2018). *Jeg vet nå at hun kan tenke*. Statped http://www.statped.no/globalassets/publikasjoner/tegn_til_tale.pdf
- Temte, A., & Andersen, S., W. (2019). *Mine tegn. Babyboka*. Statped. Henta frå <https://www.statped.no/globalassets/laringsressurs/dokumenter/02-bokhefte/mine-tegn-babyboka-2019-v1.pdf>

- Torbjørnsen, I., B. (2020, 14 februar) *Teikn-til-tale skapar tryggleik og inkludering i barnehagen*. Språkprat. <https://sprakprat.no/2020/02/14/teikn-til-tale-skapar-tryggleik-og-inkludering-i-barnehagen/>
- Torbjørnsen, I., B. (upublisert). *Teikn til alle i barnehagen*. Upublisert manuskript. Høgskulen på Vestlandet, Bergen.

Vedlegg

Vedlegg 1: Informasjonsskriv

Hei!

Eg studerer barnehagelærer på Høgskulen på Vestlandet, Sogndal og er i gang med å skrive bachelor. Temaet for oppgåva er bruk av teikn-til-tale i barnehagar i Sogn og Fjordane med dei minste barna i barnehagen i hovudfokus. Undersøkinga er dirfor retta mot alle pedagogiske leiarar i alle barnehagane i Sogn og Fjordane og eg håpa så mange som mulig kan delta i undersøkinga.

For å delta i undersøkinga kan du bruke denne lenka: <https://www.surveyxact.no/LinkCollector?key=XSM4ZKETJN32>

Spørjeskjemaet

Spørjeskjemaet inneheld multiple choice og nokre spørsmål med tekstboks og vil ta mellom 3-5 minuttar å svare på. Det vil vere mulig å gå tilbake til skjemaet fleire gonger så lenge du ikkje har trykt på "avslutte" knappen på den siste sida. Du samtykker til å delta ved å sende inn eit skjema.

Ditt personvern - korleis me oppbevarar og brukar dine opplysningar

Du mottar denne spørjeundersøkinga fordi du ansatt i ein barnehage i Sogn og Fjordane. Deltakelsen i prosjektet er frivillig. SurveyXact samlar ikkje inn IP-adresser, undersøkinga er anonym og det vil ikkje vere mulig å sjå kven eller kva barnehage som har svara på spørsmåla. Svara du gjer vil bli brukt i ei bacheloroppgåve.

Frist for deltakinga er: 10. mars.

Dersom du har spørsmål eller noko er uklart kan du kontakte Sina Persdotter Tveite (577844@stud.hvl.no/46892907).

Eg håpar du tar deg tid til å svare!

Med vennleg helsing

Sina Persdotter Tveite

Vedlegg 2: Spørjeskjema

Velkommen til denne undersøkinga om bruk av teikn-til-tale i barnehagen med småbarnsavdeling i fokus.

Det vil ta mellom tre til fem minuttar å svare på spørsmåla.

På neste side finn du meir informasjon om prosjektet.

Ved å svare på denne undersøkinga samtykkar du til at barnehagen deltar i eit forskingsprosjekt om bruk av teikn-til-tale på småbarnsavdeling i barnehagen.

Formål:

Finna ut kor mange småbarnsavdelingar i Sogn og Fjordane som brukar/eller har teikn i barnehagen. Opplysningane som kjem fram gjennom prosjektet vil bli brukt i ei bacheloroppgåve.

Kven er ansvarlege for forskingsprosjektet?

Det er Høgskulen på Vestlandet som er ansvarlege for forskingsprosjektet.

Det er heilt frivillig å svare og svara dine vil vera anonyme.

Dersom du har spørsmål til studien, eller ynskjer å benytta deg av dine rettigheter, ta kontakt med:

Leiar av prosjektet: Sina Persdotter Tveite. Tlf: 46892907/577844@stud.hvl.no

Rettleirar av prosjektet: Birgitte Torbjørnsen Inger.Birgitte.Torbjornsen@hvl.no

Dersom noko er uklart eller du ynskjer meir informasjon, håpar eg at du tek kontakt!

Brukar de teikn-til-tale i barnehagen?

Ja, til alle borna

Til barn med spesielle behov

Til dei yngste barna

Nei

Anna

Brukar alle i personalet i barnehagen teikn-til-tale?

Ja, alle i personalgruppa brukar teikn

Ja, alle på småbarnsavdelinga brukar teikn

Spesialpedagog eller person(ar) med hovudansvar for barn med spesielle behov

Omtrent halvparten av dei tilsette brukar teikn

Ingen brukar teikn-til-tale

Anna

Kor lenge har de brukt teikn-til-tale i barnehagen

Eitt år

To år

Tre år

Fira år

Fem år

Seks år

Sju år

Åtte år

Ni år

Ti år

Meir enn ti år

Me brukar ikkje teikn-til-tale

Merka de nokon forskjell etter at de byrja med teikn-til-tale i barnehagen?

No kjem det nokre spørsmål der eg ynskjer at kun dei som arbeidar med dei yngste i barnehagen (1-3 år) svarar. De som jobbar med dei eldste barna i barnehagen kan oversjå desse spørsmåla og trykkje på “neste”

Brukar de teikn i særskilte situasjonar i løpet av dagen?

Måltidssituasjonar

Overgangar

Samlingsstund/songsamling

I leik

Kun til barn med spesielle behov

Anna

Brukar barna teikn?

Ja, alle borna brukar teikn

Omtrent halvparten av borna brukar teikn

Borna med spesielle behov brukar teikn

Ingen av borna brukar teikn

Anna

Er det for eksempel teiknkort synleg/tilgjengelig på avdelinga for både vaksne og barn?

Ja, me har teiknmateriale tilgjengeleg/synleg på avdelinga

Nei, me har ikkje teiknmateriale tilgjengeleg/synleg på avdelinga

Anna

Oppfordrar de foreldre til å bruke teikn-til-tale heime?

Ja

Nei

Anna

Kvifor brukar de teikn-til-tale til dei yngste?

Dersom du har kommentarar til undersøkinga kan du skrive dei her:

Når du trykkjer på “avslutte” på neste side blir svaret ditt sendt inn! Tusen takk for at du deltok!